

**BYGGMEISTAR RUNE REVHEIM,
BRULEITEVEGEN 40,
5282 LONEVÅG.**

**Tlf. 911 86 782.
E-post: sjuratre@online.no**

Laila Bjørge.

Kvernhus på Bjørge.

Kostnadsoverslag for torvtak, slok og klure.

Laila.

Dagfinn spurde meg i går om hjelp til kostnadsoverslag for nytt torvtak på kvernhuset deka, 23 m slok og ny klure.

Det er sikkert 20 år sidan eg såg huset, so eg håttar ikkje mykje om korleis det var.

Torvtaket skulle vera membran, torvhaldkrokar og stokkar, kanesteinar og jord. Tykkjer det vert finast med synleg never under torva på ufs og kanar, tek difor det med. Veit ikkje sikkert kor stort taket er, til vanleg var kvernhusa 3 – 3,5 m kvar veg. Storleiken har lite å sei for prisen.

Til sloket må de bruka god, seinvaksen alfura, då varer det lenge. Det bør tjørebredast mange gonger med god tretjøra, ev blanda med rå linolja. Det aukar levetida mykje. Heile huset bør tjørebredast.

Skikkeleg tretjøra er vanskeleg å få tak i, den som er i handel er oftast utspedd med løysemiddel. Møretyri har god tjøra, eg har lager for dei.

Til sloket reknar eg vingar, tverrstykkje og slok (renna). Vangane må festast godt i store steinar, eller fjell, slik at ikkje isgong i elva/bekkjen riv det med seg.

Eg plå rekna ein meterpris på 1500 – 2000 på sloket, alt etter kor vanskeleg elvafaret er, og kor mykje bering det vert på materialane.

Kluren kan eg laga. Han må vera av god turr ask, 3 – 5 « tjukk planke. Då må eg ha Ø på holet i steinen, og tjukna på Spenilden(akslingen).

Kostnadsoverslag.

Taket:

Membran	1 rull kr 4000	kr	4000
Torvhaldkrokar	8 stk. spesialsmidde a kr 250	kr	2000
Torvhaldstokkar	2 stk. på 3,5 m, sers god alfura	kr	1000
Never på kanar og ufs	15 m a kr 300	kr	4500
Arbeid	20 timar a kr 600	<u>kr</u>	<u>12000</u> kr 23500

Sloket 23 m a kr 2000 kr 46000

Klure kr 1500

Tjøra og linolja kr 9000

Sum utan moms kr 80000

Dette er om alt vert kjøpt og leigt. Dersom de skaffar materialar sjølve, skal det ikkje reknast moms på dei. Heller ikkje på eige arbeid.

Eige arbeid og dugnad vert verdsett til kr 200 for timen, men då må de føra opp fleire timar.

Ring om du er i tvil om noko.

Lukka til.

Revheim 31.05.2020.

Helsing Rune.